



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 12.04.2016

Sak nr.: 16/527-6
Internt l.nr. 12955/16

Sak: 20/16

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 12. april 2016**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Orientering om internkontroll v/Paal Fosdal, assisterande fylkesrådmann

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status på internkontrollarbeidet i fylkeskommunen. Fått på plass policy for IKT-sikkerhet i 2015. Justering av rutinane vedr. fakturabehandling i 2015. Revisjon av delegeringsreglementet er planlagt behandla i fylkestinget i juni 2016.

Vedtak: Orienteringa vart teken til vitande. Forvaltningsrevisjonsprosjekt Internkontroll er ferdig oppfølgt. Ytterlegare orienteringar om internkontroll ved behov.

2. Orienteringar v/fylkesrådmannen
 - a. Fiskeoppdrettsanlegg Torvund v/Frode Hovland, Seniorrådgjevar Næring og kultur

Kontrollutvalet ba fylkesrådmannen om orientering om denne saka etter avisoppslag i Firda 25. januar i år, som utvalet vart orientert om i møte 3. mars. I avisoppslaget kom det fram at Fiskeridirektoratet i november 2015 slo fast at fylkeskommunen hadde gjort fleire sakshandsamingsfeil i klagehandsaminga av saka. Det vart orientert om sakshandsaminga og Fiskeridirektoratet sine påpeikingar av tre sakshandsamingsfeil. Saka er no ferdigbehandla i forvaltningsapparatet. Omfanget av konsesjonen er den same som før klagebehandlinga, men med færre merder.

Orienteringa vart teken til vitande.

- b. Trivselshagen IKS – problem med lause fliser i bassenget v/Jan Tore Rosenlund, Bygg- og eigedomssjef

Bygg- og eigedomssjef orienterte kontrollutvalet om problema i Trivselshagen sitt badeanlegg så langt fylkeskommunen hadde kjennskap til saken. Fylkeskommunen har ei eigarrolle i høve til Trivselshagen, men var ikkje involvert i prosjektgjennomføringa. Det var Trivselshagen IKS som var byggherre ved etablering av badeanlegget, og som er eigar av anlegget idag. Prosjekteringa var

utført av Norplan AS. Asplan Viak gjennomførte 3. partskontroll av prosjekteringa. Utførende entreprenør var Veidekke AS. Spørsmål som må avklarast er om problema kan skuldast feil ved prosjektering og/eller om det er feil ved utføring.

Orienteringa vart teken til vitande.

3. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte AS

- a. Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det er sendt ut dokumentførespørsel. Framdrifta i prosjektet er i samsvar med planen for gjennomføring. Orienteringa vart teken til vitande.

- b. Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

Prosjektet er i avslutningsfasen. Skulle ha vore ferdig 31. mars, men fylkesrådmannen ba om utsetting på høyringsfristen til 29. april på grunn av stort arbeidspress. Rapporten vert klar ca. 1. mai. Orienteringa vrt teken til vitande.

4. Informasjon frå NKRF/FKT

- a. Kommunereformen – val av kontrollutvalssekretariat og revisor

Informasjonen er teken til orientering.

5. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef

- a. Status på vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp mot Lov om offentlege anskaffingar, ref. saksprotokoll KU-sak 19/16 pkt. 2.

Kontrollutvalet ba om at det vart sett opp sak i møtet for behandling av denne saka.

- b. Revisjon av Delegeringsreglementet

Kontrollutvalet ba sekretariatet om sak om delegeringsreglementet til neste møte

- c. Forslag til ny kommunelov

Kontrollutvalet vil vurdere å gje høyring til lovutkastet

- d. Innkalling til representantskapsmøte og generalforsamlingar

- i. SF revisjon IKS, 22. april – Einar stiller*
- ii. Trivselshagen IKS, 27. april – ingen*
- iii. Firda Billag AS 25. mai – Frank Willy*

- d. Status studietur Brussel

Hotell er reservert. Programforsla er mottatt. Utvalet tykte programutkastet var godt. Viktig at programpostane er retta mot kontrollfunksjonen

- e. Orientering om endring av kostnader for kontrollutvalet

Kontrollsjef orienterte om kostnader for kontrollutvalet. Dette vert sendt som innspel til tertialrapport. Kostnad for forvaltningsrevisjon av NDLA i regi av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vert lagt inn i kostnadsauken. Orienteringa vart teken til vitande

f. Politikardagar i april og mai

Kontrollutvalet vedtok følgjande:

- i. 18. april – kontrollutvalet stiller ikkje
- ii. 12. mai – kontrollutvalet stiller ikkje
- iii. 30. mai – kontrollutvalet stiller